



Fjellhaugen Skisenter er eit populært mål og kan bli enda meir populært. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Fjellhaugen Skisenter, eit populært mål også for uskedelingane, har no teke initiativ til ei vidareutvikling av skiløypetilbodet.**

**Skisenteret ønskjer samarbeid med kommunen, friluftsrådet vest, oppsitjarar og det lokale næringslivet om dette.**

**Senteret vil også i denne samanhengen utvikla samarbeidet med turlaget og hjelpekorpsset.**



Skileik i Fjellhaugen.

Skisenteret har i fleire år køyrt opp skiløype frå den nørdrre parkeringsplassen i skisenteret og inn til Nautvatn. Prepareringa har vore kosta av skisenteret, men også med velviljug dugnadsinnsats.

Sparebank 1 Kvinnherad har gjeve tilskot til naudsynt utbetring av traseen. I tillegg til dette kvistemerkar turlaget populære fjellskiruter i omådet sør for Folgefonna på seinvinteren.

Hjelpekorpsset har beredskap forulukker både i skisenteret si opningstid og når det er stor utfart i fjellet.

- Vi meiner dette er ein god base for ei vidareutvikling av skitilbodet i området, skriv styreleiar Arve Lunestad til kommunen.

Han opplysar at målsettinga på kort sikt er å få til eit samarbeid som kan finansiera løypekøyting til Nautavatnet på fast basis. Skisenteret har mange ressursar som kan nyttast til den praktiske gjennomføringa, men den

økonomiske situasjonen tilseier at det bør vera ei eiga finansiering for dette tiltaket. Erfaringsmessig vil preparering til dømes 10 gonger koste omlag 10.000 kroner.

På lengre sikt er det ønskjeleg å få til rundløyper av varierende lengde i området. Her er det i tillegg til drifta truleg også nokre investeringar som må gjerast i form av einskilde utbetringar i terrenget.

Lunestad strekar under at Fjellhaugen har god tilkomst og gode naturgjevne føresetnader for ei slik satsing og at eit forbetra løypetilbod vil koma store delar av kommunen til gode. Både Halsnøysambandet og at snøgrensa no ligg høgare enn før gir ei auke brukargruppe. Folk må til fjells for å koma på ski. Eit breiare tilbod av friluftaktivitetar gjer Kvinnherad meir attraktiv både for fastbuande og tilreisande.

- Eit turløypenett vil gje kjærkomen avveksling til dei som ellers trenar i Ijosløypa. Men mykje viktigare er det at dette vil vere eit 'lågterskeltilbod' for dei mange som set turopplevinga høgare enn idrettsprestasjonar. Slik sett vil dette falla godt saman med kommunen si folkehelsesatsing, held Lunestad fram.

Av Ola Matti Mathisen